



1 8 NOV 2011



Dokid: 110000126281 (10/93-204)
REGIONAL/FYLKESDELPLAN FOR BRUK OG
VERN AV SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIENE
SETESDAL AUSTHEI - UTTALE

Orientering om vedtak

Rogaland fylkeskommune v/prosjektleder John Jastrey
Regionalplanseksjonen, Postboks 130,

4001 STAVANGER

DYKKAR REF:	VÅR REF:	SAKSHANDSAMAR:	ARKIVKODE:	DATO:
	7351/2011 - 2007/859	Janne Thorsland Elvenes	130	17.11.2011

VEDK.: REGIONAL PLAN FOR BRUK OG VERN AV SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE, SETESDAL AUSTHEI - HØYRING AV PLANFORSLAG.

Vedlagt følger særutskrift av saka som vart handsama i Åseral kommunestyre i møte 10. november 2011, sak 11/42.

Med helsing

Janne Thorsland Elvenes



REGIONAL PLAN FOR BRUK OG VERN AV SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE, SETESDAL AUSTHEI - HØYRING AV PLANFORSLAG.

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
130	2007/859	Jørn Trygve Haug	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
11/89	Kommunalutvalet	25.10.2011
11/42	Kommunestyret	10.11.2011

Vedlegg:

- 1 Heiplanen
- 2 Utsnitt av plankart
- 3 Grense for omsynssone villrein

Bakgrunn:

Miljøverndepartementet ga i 2007 aktuelle fylkeskommunar i oppdrag å utarbeida regionale planar for ei heilskapleg forvaltning av dei fjellområda som er særleg viktige for villreinen. I tråd med dette ligg det føre eit forslag til regional plan og kalla "Heiplanen". Sjå vedlegg 1-2

Hovudmål for planen er som følger:

- Fastsette ei klar grense for eit Nasjonalt villreinområde (NVO) som tar vare på villreinen sin arealbruk til ulike årstider.
- Fastsette retningsliner og føringar for ei heilskapleg arealforvaltning i området som og tar vare på lokalsamfunna sin trong for ei langsiktig positiv utvikling.

Åseral kommune har tidlegare uttala seg til oppstartsmelding og planprogram. Følgjande uttale vart gjeven jamfør handsaming i kommunestyret 19.11.2009:

- *Det er avgjerande at planen tar utgangspunkt i oppdatert kunnskap, slik at ein får til ei felles forståing av situasjonen for villreinen.*
- *I den regionale planen må det fokuserast på å gi næringsomgrepet eit konkret innhald og rammer.*
- *Det må gå klarare fram at verneområdet SVR ikkje er ein del av planområdet.*
- *Planavgrensinga. Sjå kart datert 15.10.09 (vedlegg 3).*
- *Jfr. kapittel 4.6 Energi, må fylkesdelplanen og ta opp i seg forhold kring utbygging av vindmøller og vasskraft.*
- *Det er fylkeskommunane som er ansvarleg for planarbeidet. Det understrekast at dei skal ha ansvar for ei lokal forankring av planen, samt fronte planen ute i distrikta/kommunane.*
- *Jfr. forslag til organisasjonsmodell skal grunneigarsida ha plass i referansegruppa.*

Når det gjeld planavgrensinga jfr. 4. prikkpunkt ønskja kommunestyret at denne skulle snevrast inn i forhold til forslag i planprogrammet.

Det er fylkeskommunane som er ansvarleg for planarbeidet. Planarbeidet har vore organisert som eit prosjekt med ei politisk styringsgruppa. Medlemmar i denne har vore ordførare/politisk representant frå dei råka kommunane, samt fylkesordførar/politisk representant frå fylkeskommunane. Styringsgruppa har valt eit arbeidsutval. Det har i tillegg vore ei administrativt planfagleg nettverksgruppa samt eigen prosjektleiar.

Plandokumentet er omfattande og ein kan vanskeleg gå i detalj på heile innhaldet. Følgjande hovudgrep og verknad bør nemnast særskilt:

- Planen erstattar Fylkesdelplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane (2005).
- Vedtekne kommunale arealplanar gjeld framleis (kommuneplanen, kommunedelplanar mv.). Ved revisjon/utarbeiding av nye legg retningslinene i Heiplanen føringar. Om føringane vert vesentleg fråvika i kommunal planlegging gir dette grunnlag for motsegn.
- Planområdet er delt inn i omsynssoner kvar med eigne mål og retningsliner for forvaltning av areala:
 - *Omsynssone Nasjonalt villreinområde der villreinen skal ha fortrinn*
 - *Omsynssone villrein der ein gjennom konsekvensutgreiing skal avklara forholdet til villreinen*
 - *Omsynssone trekkområde der villreinen sine interesser skal prioriterast*
 - *Omsynssone bygdeutvikling der omsynet til villreinen er avklara*
- Det er i første rekke omsyn til villreinen som er avklara i denne planen. Andre arealomsyn (friluftsliv, landskap, kulturminne mv) må ivaretakst/avklarast gjennom ordinær kommuneplanlegging.
- Omsynssone Nasjonalt villreinområde og omsynssone villrein utgjør ikkje grenser for jaktforvaltning (teljande areal). Slike grenser er det villreinnemnda som set.

Vurdering:

Gjennom planarbeidet har ein komen fram til forslag til grenser og retningsliner for nasjonalt villreinområde med tilhøyrande randsone (omsynssone villrein). Grunnlaget for slike grenser kan ein alltid diskutera. Det er likevel eit positivt bidrag til å gjera arealforvaltninga av heieområda meir føreseieleg.

Utover dette har rådmannen følgjande merknadar til planforslaget:

Avvik frå planprogrammet

På fleire punkt avvik planforslaget frå det som vart vedteken i planprogrammet. Planarbeidet vart annleis organisert. I tillegg valde ein å utsette fleire tema og avklaringar til andre prosessar (kommuneplanen mv). Mellom anna gjeld dette tema som verdiskaping i bygdene. Det er forståelig at det var trong for å gjera nokre tilpassingar undervegs, men det er uheldig med så vesentlege avvik frå "kontrakten" som eit planprogram må seiast å vera.

Bygdeutviklingssona

Planområdet er delt inn i ulike soner med tilhøyrande retningsliner. Rådmannen stiller spørsmål med omfanget av og innhaldet i sone nemnd som *bygdeutviklingssone*. I denne sonen er omsynet til villreinen avklara. Det er viktig, men ut over dette verkar den nærast å vera "tømt for innhald" der det er vanskeleg å sjå at retningslinene vil få nokon praktisk nytte for vidare kommunal planlegging. Det bør derfor vurderast å ta ut nemnde sone.

Landskapsvernområde SVR

For Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde (SVR) gjeld frå tidlegare eigne verneføresegn og forvaltningsplan. Gjennom den regionale planen vert det nå i tillegg gjeven retningslinjer for forvaltninga av SVR. Dette kan gje ein meir samordna forvaltningspraksis, men vil nok for mange framstå som uryddig og med vel mange føringar å halda seg til.

Konsekvensutgreiinga

Det er utarbeida eigen konsekvensutgreiing for den regionale planen. Denne omhandlar tema som villrein, landskap, samfunn, hytter, landbruk, energi med meir. Konsekvensutgreiinga er tilpassa plannivået og er såleis på eit regional og overordna nivå. Likevel er den vel generell og der mange konklusjonar manglar tilfresstillande grunnlag og grunngeving. Eit døme er temaet landbruk der verkemidla i planen, jamfør konsekvensutgreiinga, vurderast "å gi eit positivt bidrag til vidare drift og utvikling av landbruket". Det verkar likevel uklart kva konkrete positive bidrag planen vil gje for utvikling av landbruket og kva moglegheiter planen opnar for som ein ikkje hadde tidlegare.

Konsekvensar for framtidige energiprojekt

I omsynssone *nasjonalt villreinområde* og *omsynssone villrein* er det gjeven reningslinjer vedkommande kraftanlegg og kraftlinjer:

"Nye eller vesentlig utvidelse av eksisterende kraftanlegg eller overførings-/kraftlinjer skal unngås i nasjonalt villreinområde.

Unntak kan gjøres i hensynssone villrein og for småkraftverk og prosjekter som ikkje innebærer vesentlige inngrep med innvirkning på villreinen eller øvrige verneinteresser. Unntak kan også gjøres for prosjekter med samlet positiv miljøgevinst knyttet til villrein, landskap og andre verneinteresser. Dette vurderes gjennom egne konsekvensutredninger for hvert prosjekt"

Vidare går det frå av konsekvensutgreiinga at vindkraftanlegg er sett på som *uønska* i *nasjonalt villreinområde*.

Melde vindkraftprosjekt på Stuttjønnehei (Breland) synast med dette lite realistisk. Småkraftprosjekt innanfor nemnde soner vil kunne realiserast så lenge det ikkje har vesentleg innverknad på villreinen eller verneinteresser elles. Dette må avklarast gjennom eigne konsekvensutgreiingar.

Nemnde føringar kan og bli relevant for omsøkte og melde prosjekt i Skjerka-saken. Det er i den samanheng grunn til å minne om føringar gjeven ved oppretting av verneområdet SVR, *jfr. Kronprinsregentens resolusjon av 28.04.2000*. Her går det fram at ved oppretting av verneområdet SVR er det teken omsyn til planar for kraftutbygging i Nåvatn. Ei eventuell auka oppdemming av Langevatn (Ljosland) er ikkje omtala særskilt i resolusjonen, men det går fram at "vasskraftprosjekt i sampla plan som ligg innanfor fylkesdelplanområdet med utanfor verneområdet, skal kunne konsesjonshandsamast på vanleg måte". Med bakgrunn i nemnde forhold meiner rådmannen det bør presiserast at vedtak av regional plan ikkje må vera til hinder for realisering av omsøkte og førehandsmelde utvidingar av eksisterande anlegg i Åseral. Retningslinjer for dei aktuelle sonene må tilpassast dette.

Kunnskapsgrunnlaget

Åseral kommune uttalte til oppstartsmeldinga at det er "avgjerande at planen tar utgangspunkt i oppdatert kunnskap, slik at ein får ei felles forståing av situasjonen for villreinen".

GPS-prosjektet som er gjennomført har gitt mye nyttig informasjon om villreinen sin bruk av heia, men da i første rekke for område lenger nord. Det er viktig at prosjektet vert vidareført slik at ein får betre data på bruken av sørområda. Fokus på merking av bukk er vesentleg i den samanheng. Likeins at det ved tolking av resultatata vert teken høgde for at villreinen har

ein syklisk bruk av beiteområda, samt at storleiken på villreinstamma historisk sett er svært låg.

Avgrensing av omsynssone nasjonalt villreinområde

Det ligg føre godkjende reguleringsplan og kommunedelplanar for framtidig vegsamband Ljosland – Bortelid. Sist nemnde er og stadfesta av Miljøverndepartementet. Delar av dette vegsambandet ligg jamfør planforslaget i "omsynssone villrein". Sjå vedlegg 3. Det er rådmannen sitt syn at nemnde sonengrense må trekkast mot nord-vest i området Nordgardsstedjan – Rysefjell. På denne måten vil ein i større grad ta omsyn til naturlege topografiske barrierar. Det gir og ein betre samanheng med allereie godkjende planar for veg i området. Rådmannen syner i den samanheng til innspel i samband med kartlegging av villreinen sin arealbruk, jamfør brev frå kommunen datert 17.11.2008.

Forholdet til regionplan Lindesnes

Eit av hovudmåla i nemnde plan er samhandling kring arealbruk i regionen, der Åseral er gjeven eit særleg ansvar for fjellområda. Vidare går det fram at "Åseral har eit særleg regionalt ansvar for å legge til rette for friluftaktivitetar i vinterhalvåret, samt tilgjenge til fjellet". Det må leggjast særskilt vekt på denne rolla ved gjennomføring av Heiplanen, ikkje minst ved utarbeiding av sti- og løypeplanar slik Heiplanen legg opp til.

Framlegg til uttale:

Kommunestyret syner til vurderingar gjort i saka og har følgjande merknadar til planforslaget som ligg føre:

- 1. Gjennom planarbeidet har ein komen fram til grenser for nasjonalt villreinområde med tilhøyrande randsoner. Dette er eit positivt bidrag til å gjera arealforvaltninga av heieområda meir føreseieleg.*
- 2. På fleire område avvik planforslaget frå det som vart fastsett i planprogrammet. Kommunestyret har forståing for trongen for å avgrensa planomfanget, men dette burde vore avklara i samband med utarbeiding av planprogrammet. Planarbeidet har nå komen så langt at det likevel synast urealistisk å endra på desse forholda.*
- 3. I omsynssone "bygdeutvikling" er omsynet til villreinen avklara. Det er positivt, men da den ikkje avklarar andre forhold bør det vurderast å ta ut denne sona.*
- 4. Planforslaget omfattar landskapsvernområdet SVR kor det frå før gjeld eigne verneføresegn og forvaltningsplan. Dette verkar uryddig å gir vel mange føringar å halda seg til.*
- 5. Konsekvensutgreiinga verkar svært generell i forma der mange konklusjonar saknar tilfresstillande grunnlag og grunngjeving. Utgreiinga er ein sentral del av avgjerdsgrunnlaget. Det ville derfor vore ei styrke om denne var meir konkret og nyansert.*
- 6. Det synast uklart kva konsekvensar den regional planen kan få for større vasskraftprosjekt som er omsøkt/melde i kommunen. Kommunestyret føreset at den regionale planen ikkje vert til hinder for desse.*
- 7. Det er trong for større kunnskap om villreinen sin bruk av sørområda. GPS-merkeprosjektet bør derfor vidareførast med særleg fokus på merking av bukk.*
- 8. I området Nordgardsstedjan – Rysefjell må grense for "omsynssone villrein" trekkast mot nord-vest. På denne måten tek ein omsyn til naturlege topografiske barrierar. I tillegg gir det ein betre samanheng med allereie godkjende planar for vegsamband Bortelid – Ljosland.*

9. Gjennom regionplan for Lindesnes er Åseral kommune gjeven eit særskilt ansvar for å legge til rette for friluftaktivitetar i vinterhalvåret samt tilgjenge til fjellet. Det må leggjast særskilt vekt på denne rolla ved gjennomføring av Heiplanen.

Saksprotokoll i Kommunalutvalet - 25.10.2011

Framlegg:

Til pkt 3:

Ordførar Oddmund Ljosland:

I omsynssone "bygdeutvikling" er omsynet til villreinen avklara. Det er positivt, men planen kunne vore meir konkret i høve til kva føringar som gjeld i bygdeutviklingssona.

Til pkt. 4:

Varaordførar Kari Røyndid:

Planforslaget omfattar landskapsvernområdet SVR kor det frå før gjeld eigne verneføresegn og forvaltningsplan. Dette må inn som eige kulepunkt i kapittel 2.10.1

Votering:

KOU vedtok samrøystes framlegget med endringane i pkt 3 og 4.

Vedtak:

Kommunestyret syner til vurderingar gjort i saka og har følgjande merknadar til planforslaget som ligg føre:

1. Gjennom planarbeidet har ein komen fram til grenser for nasjonalt villreinområde med tilhøyrande randsoner. Dette er eit positivt bidrag til å gjera arealforvaltninga av heieområda meir føreseieleg.
2. På fleire område avvik planforslaget frå det som vart fastsett i planprogrammet. Kommunestyret har forståing for trongen for å avgrensa planomfanget, men dette burde vore avklara i samband med utarbeiding av planprogrammet. Planarbeidet har nå komen så langt at det likevel synast urealistisk å endra på desse forholda.
3. I omsynssone "bygdeutvikling" er omsynet til villreinen avklara. Det er positivt, men planen kunne vore meir konkret i høve til kva føringar som gjeld i bygdeutviklingssona.
4. Planforslaget omfattar landskapsvernområdet SVR kor det frå før gjeld eigne verneføresegn og forvaltningsplan. Dette må inn som eige kulepunkt i kapittel 2.10.1.
5. Konsekvensutgreiinga verkar svært generell i forma der mange konklusjonar saknar tilfresstillande grunnlag og grunngeving. Utgreiinga er ein sentral del av avgjerdsgrunnlaget. Det ville derfor vore ei styrke om denne var meir konkret og nyansert.
6. Det synast uklart kva konsekvensar den regional planen kan få for større vasskraftprosjekt som er omsøkt/melde i kommunen. Kommunestyret føreset at den regionale planen ikkje vert til hinder for desse.
7. Det er trong for større kunnskap om villreinen sin bruk av sørområda. GPS-merkeprosjektet bør derfor vidareførast med særleg fokus på merking av bukk.
8. I området Nordgardsstedjan – Rysefjell må grense for "omsynssone villrein" trekkast mot nord-vest. På denne måten tek ein omsyn til naturlege topografiske barrierar. I tillegg gir det ein betre samanheng med allereie godkjende planar for vegsamband Bortelid – Ljosland.

9. Gjennom regionplan for Lindesnes er Åseral kommune gjeven eit særskilt ansvar for å legge til rette for friluftaktivitetar i vinterhalvåret samt tilgjenge til fjellet. Det må leggjast særskilt vekt på denne rolla ved gjennomføring av Heiplanen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 10.11.2011

Framlegg:

Bjarne Haugstad:

Pkt. 3 (som rådmannens framlegg):

3. I omsynssone "bygdeutvikling" er omsynet til villreinen avklara. Det er positivt, men da den ikkje avklarar andre forhold bør det vurderast å ta ut denne sona.

Ordførar Oddmund Ljosland:

Nytt pkt. 7:

7. Det er trong for større kunnskap om villreinen sin bruk av sørområda. GPS-merkeprosjektet bør derfor vidareførast med særleg fokus på merking av bukk. Ut frå villreindefagleg lokalkunnskap meiner kommunen at merka hensynsone i sør (område Dyrevatn) bør tas ut.

Votering:

Kommunestyret vedtok samrøystes framlegget med endringane frå Bjarne Haugstad og ordførar Oddmund Ljosland.

Vedtak:

Kommunestyret syner til vurderingar gjort i saka og har følgjande merknadar til planforslaget som ligg føre:

1. Gjennom planarbeidet har ein komen fram til grenser for nasjonalt villreinområde med tilhøyrande randsoner. Dette er eit positivt bidrag til å gjera arealforvaltninga av heieområda meir føreseieleg.
2. På fleire område avvik planforslaget frå det som vart fastsett i planprogrammet. Kommunestyret har forståing for trongen for å avgrensa planomfanget, men dette burde vore avklara i samband med utarbeiding av planprogrammet. Planarbeidet har nå komen så langt at det likevel synast urealistisk å endra på desse forholda.
3. I omsynssone "bygdeutvikling" er omsynet til villreinen avklara. Det er positivt, men da den ikkje avklarar andre forhold bør det vurderast å ta ut denne sona.
4. Planforslaget omfattar landskapsvernområdet SVR kor det frå før gjeld eigne verneføresegn og forvaltningsplan. Dette må inn som eige kulepunkt i kapittel 2.10.1.
5. Konsekvensutgreiinga verkar svært generell i forma der mange konklusjonar saknar tilfresstillande grunnlag og grunngjeving. Utgreiinga er ein sentral del av avgjerdsgrunnlaget. Det ville derfor vore ei styrke om denne var meir konkret og nyansert.
6. Det synast uklart kva konsekvensar den regional planen kan få for større vasskraftprosjekt som er omsøkt/melde i kommunen. Kommunestyret føreset at den regionale planen ikkje vert til hinder for desse.
7. Det er trong for større kunnskap om villreinen sin bruk av sørområda. GPS-merkeprosjektet bør derfor vidareførast med særleg fokus på merking av bukk. Ut frå

villrein fagleg lokalkunnskap meiner kommunen at merka hensynsone i sør (område Dyrevatn) bør tas ut.

8. I området Nordgardsstedjan – Rysefjell må grense for "omsynsone villrein" trekkast mot nord-vest. På denne måten tek ein omsyn til naturlege topografiske barrierar. I tillegg gir det ein betre samanheng med allereie godkjende planar for vegsamband Bortelid – Ljosland.
9. Gjennom regionplan for Lindesnes er Åseral kommune gjeven eit særskilt ansvar for å legge til rette for friluftaktivitetar i vinterhalvåret samt tilgjenge til fjellet. Det må leggjast særskilt vekt på denne rolla ved gjennomføring av Heiplanen.

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune
v/prosjektleiar John Jastrey
Regionalplanseksjonen
Postboks 130
4001 STAVANGER

Lindesnesregionen v/Per Storetvedt